

Utval: **Utval for miljø og samferdsel**
Møtestad: Fylkesutvalsalen 3.etg., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt.5, Bergen

Dato: 05.09.2018 kl. 09.00-16.00 Temadag

06.09.2018 kl. 09.00-13.00 Møte i utvalet. Kl. 13.30-15.30 Sammøte med komité for miljø og byutvikling Bergen kommune

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer	Merknadar
Atle Kvåle	Medlem	A	
Gustav Bahus	Medlem	FRP	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	FRP	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP	
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	Fra kl. 11 06.09.2018
Jon Askeland	Leiar	SP	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Iril Schau Johansen	Medlem	H	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF	Møtte 05.09.2018

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer	
Geir Angeltveit	Medlem	V	Forfall begge dagar
Svein Halleraker	Medlem	H	Forfall begge dagar
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KRF	Forfall 06.09.2018

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer	
John Torger Torsvik	Svein Halleraker	H	Møtte begge dagar
Torstein Gunnarson	Geir Angeltveit	V	Møtte begge dagar
Jarle Jacobsen	Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Møtte 06.09.2018

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Torill Klinker	Seksjonsleiar transportplanseksjonen
Henrik Løseth Jansen	Rådgjevar, regionalavdelinga
Målfrid Vik Sønstabø	Konst. direktør Skyss
Grethe Vikane	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet

Petter Lem Gullestad
Møtesekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 92/18	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 93/18	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 94/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 51/18	Rapport om dødsulykke i Fv 7 Raunekleivtunnelen	2017/14730	
RS 52/18	Dekkeleggingsprogrammet for 2018 - oppdatert kart etter tilleggslysing	2018/7973	
RS 53/18	Statens vegvesen Region vest: Rapport om sambruksfelt E39 Fjøsanger, Bergen	2016/3947	
RS 54/18	Endringar i programområde - investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018	2018/12911	
RS 55/18	Kopi - Deltaking i pilotprosjekt om vegprising	2016/1947	
RS 56/18	Kopi - Innbyggjarforslag - Nei til nytt ferjestø i Sævarhagsvikjo	2018/12796	
PS 95/18	Ymse		
PS 96/18	Status for oppfølging av "Temaplan: Låg- og nullutsleppsbussar i Hordaland"	2017/14598	
PS 97/18	Jondalstunnelen - Takstredusjon	2016/34254	
PS 98/18	Aksjonærinvitasjon til Hordfast AS - Organisering av store samferdselsprosjekt i Hordaland	2014/15115	
PS 99/18	Tilskuddsordninga til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner - søknad om midlar 2019	2014/23709	
PS 100/18	Omklassifisering av vegar i Bømlo kommune	2018/10713	
PS 101/18	Omklassifisering av offentlege vegar i Bergen kommune	2018/8045	

PS 92/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018****Vedtak**

Innkallinga og sakliste vart godkjent.

PS 93/18 Godkjenning av møtebok forrige møte**Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018****Vedtak**

Møteboka frå møtet 15.08.2018 vart godkjent.

PS 94/18 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018

RS 51-56/18 vart referert.

PS 95/18 Ymse

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018

Det var ikkje saker under ymse.

PS 96/18 Status for oppfølging av "Temaplan: Låg- og nullutsleppsbussar i Hordaland"

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen kjem tilbake til mogleg finansiering av tiltak i handsaming av handlingsprogram for Miljøløftet.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018

Gustav Bahus, Frp, sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2:

Stryke «mogleg»»

Marthe Hammer, SV, sette på vegner av heile utvalet fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Fylkesutvalet meiner at statlige økonomiske støtteordningar til fylkeskommunane for å legge om til null-og lågutslepp innan samferdsle, bør aukast og innrettast slik at ein kan realisere dei regionale og nasjonale klimamålene.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades under røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Bahus sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen kjem tilbake til finansiering av tiltak i handsaming av handlingsprogram for Miljøløftet.
3. Fylkesutvalet meiner at statlige økonomiske støtteordningar til fylkeskommunane for å legge om til null-og lågutslepp innan samferdsle, bør aukast og innrettast slik at ein kan realisere dei regionale og nasjonale klimamålene

PS 97/18 Jondalstunnelen - Takstredusjon

Forslag til innstilling

Fylkestutvalet støttar framlegget om å redusere takstane i Jondalstunnelen basert på ein gjennomsnittleg inntekt på kr.25. Dei nye takstane er i tråd med nytt takst - og rabattsystem i bompengesektoren. Det vert 20 pst. rabatt for køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke. Takstgruppe 1: kr.32 Takstgruppe 2: kr.51.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018

Røysting

Det var 14 representantar til stades under røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestutvalet støttar framlegget om å redusere takstane i Jondalstunnelen basert på ein gjennomsnittleg inntekt på kr.25. Dei nye takstane er i tråd med nytt takst - og rabattsystem i bompengesektoren. Det vert 20 pst. rabatt for køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke. Takstgruppe 1: kr.32 Takstgruppe 2: kr.51.

PS 98/18 Aksjonærinvitasjon til Hordfast AS - Organisering av store samferdselsprosjekt i Hordaland

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje å kjøpe aksjar i Hordfast AS no. Kjøp av aksjar må sjåast i samanheng med korleis partssamarbeidet for påverknad i forhold til store samferdselsprosjekt vert organisert. Kjøp av aksjar krev også at det offentlege har fleirtal i selskapet.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018

Marthe Hammer, SV, sette fram slikt forslag:

«Endring:

Opprettholder fylkesrådmannens innstilling, men stryk siste setning punkt 1.»

Gustav Bahus, Frp, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Hordaland fylkeskommune ser betydninga av sterk og samla støtte bak E39- Hordfast frå næringslivet og deira organisasjonar. Hordaland fylkeskommune ønskjer å følgje opp arbeidet i det partssamansatte NTP-utvalet . Her deltok også NHO, LO og Bergen Næringsråd forutan Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Utvalet leverte eit felles høyringssvar og prioriteringar før stortingshandsaminga av NTP. No står ein framfor iverksetting av dei prioriteringane utvalet føretok.

Selskapet Hordfast AS har ein rolle som pådrivar- og kommunikasjonsselskap. Ein har opp gjennom tida sett at slike pådrivar selskap har synt seg heilt naudsynt for å sikra framdrift og vinna fram i prioriteringane hos sentrale myndigheter. Selskapet Hordfast har eit brent offentleg og privat eigarskap som uttrykker sterk og samla vilje til ein snarleg realisering av prosjektet.

2. Hordaland fylkeskommune ønskjer å være med å støtta opp om dette arbeidet og går inn for å kjøpe 5 aksjar i Hordfast AS no. Kjøpet av aksjar må sjåast i samanheng med at ein ønskjer å vidareutvikla partssamarbeidet for påverknad i forhold til store samferdselsprosjekt i Hordaland.
3. Fylkestinget er einig i at det kan vera interessant å sjå på modellar for hensiktsmessig samordning, som kan bringa prioriterte prosjekt til raskare realisering.
Fylkestinget ber derfor fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel.»

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette på vegner av A, Sp, Krf og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget syner til innspelsdokumentet til Nasjonal Transportplan som vart utarbeida i eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune (koalisjon og opposisjon), Bergen kommune, LO/NHO og Bergen næringsråd. Her er dei viktigaste samferdsleprosjekta i vårt fylke omtalt i prioritert rekjkjefølge og det er ein felles målsetting at desse skal gjennomførast og følgast opp i NTP perioden.
2. Fylkestinget syner til at det er starta eit arbeid med korleis det framtidige påverknadsarbeidet og samarbeidet med kommunar og interesseorganisasjonar skal organiserast i store samferdsleprosjekter. Når dette arbeidet er sluttført kan fylkestinget ta stilling til eventuell deltaking i pådrivarselskap eller andre typer selskap knytt til einskildprosjekter. Fylkestinget vil difor ikkje ta stilling til kjøp av aksjar i Hordfast AS på det noverande tidspunktet.
3. Fylkestinget er samde i at det kan vere interessant å sjå på ulike modellar for hensiktsmessig samordning, som kan bringa naudsynte samferdselprosjekt til raskare realisering.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel, seinast mars 2019.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades under røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 første og andre setning fekk to røyster (SV og MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 tredje setning fekk ingen røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk to røyster (SV og MDG) og fall.

Bahus sitt forslag fekk to røyster (Frp) og fall.

Rasmussen sitt forslag punkt 1 fekk 10 røyster (3 A, Sp, Krf, H, V) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Rasmussen sitt forslag punkt 2 fekk 10 røyster (3 A, Sp, Krf, H, V) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Rasmussen sitt forslag punkt 3 fekk 11 røyster (3 A, Sp, Krf, H, V og MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Rasmussen sitt forslag punkt 4 fekk 12 røyster (3 A, Sp, Krf, H, V, MDG og SV) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1.Fylkestinget syner til innspelsdokumentet til Nasjonal Transportplan som vart utarbeida i eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune (koalisjon og opposisjon), Bergen kommune, LO/NHO og Bergen næringsråd. Her er dei viktigaste samferdsleprosjekta i vårt fylke omtalt i prioritert rekjkjefølge og det er ein felles målsetting at desse skal gjennomførast og følgast opp i NTP perioden.

2.Fylkestinget syner til at det er starta eit arbeid med korleis det framtidige påverknadsarbeidet og samarbeidet med kommunar og interesseorganisasjonar skal organiserast i store samferdsleprosjekter. Når dette arbeidet er sluttført kan fylkestinget ta stilling til eventuell deltaking i pådrivarselskap eller andre

typer selskap knytt til einskildprosjekter. Fylkestinget vil difor ikke ta stilling til kjøp av aksjar i Hordfast AS på det noverande tidspunktet.

3.Fylkestinget er samde i at det kan vere interessant å sjå på ulike modellar for hensiktsmessig samordning, som kan bringa naudsynte samferdselprosjekt til raskare realisering.

4.Fylkestinget ber fylkesrådmannen å kome attende til fylkestinget med ei sak om organisering av det framtidige partssamarbeidet for samferdsel, seinast mars 2019

PS 99/18 Tilskuddsordninga til tiltak for økt sykkelbruk i kommuner og fylkeskommuner - søknad om midlar 2019

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet meiner det er positivt å satse på tiltak som legg til rette for at fleire kan nytte sykkel trygt for å dekke sitt daglege transportbehov, og at desse søknadane legg til rette for det, i og med at dei er knytt til sentrumsområde i to av regionsentra i fylket.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknaden, og godkjenner at eigendelen på kr. 13,335 mill. vert innarbeida i investeringsprogrammet for fylkesvegane. Prosjekta i prioritert rekkefølge:
 1. Sartorvegen fv. 209, Fjell kommune, delstrekning 4a
 2. Arefjordsvegen fv. 209, Fjell kommune, delstrekning 4b
 3. Hystadvegen fv. 61, Stord kommune
 4. Skilting og oppmerking Straume, Fjell kommune
 5. Sykkeltellar Borggata fv. 61, Stord kommune

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018

Røysting

Det var 14 representantar til stades under røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner det er positivt å satse på tiltak som legg til rette for at fleire kan nytte sykkel trygt for å dekke sitt daglege transportbehov, og at desse søknadane legg til rette for det, i og med at dei er knytt til sentrumsområde i to av regionsentra i fylket.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknaden, og godkjenner at eigendelen på kr. 13,335 mill. vert innarbeida i investeringsprogrammet for fylkesvegane. Prosjekta i prioritert rekkefølge:
 1. Sartorvegen fv. 209, Fjell kommune, delstrekning 4a
 2. Arefjordsvegen fv. 209, Fjell kommune, delstrekning 4b
 3. Hystadvegen fv. 61, Stord kommune
 4. Skilting og oppmerking Straume, Fjell kommune
 5. Sykkeltellar Borggata fv. 61, Stord kommune

PS 100/18 Omklassifisering av vegar i Bømlo kommune

Forslag til innstilling:

Følgjande strekningar vert omklassifisert til kommunal veg:

- Fv.541 Løvegapet – Tjong (Vika), Fv.541 hp 5 km 5,382 – 6,014 lengde 632 meter.
- Fv.541 Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle), Ft.541 hp 5 km 8,650 – 9,907 lengde 1257 meter og ft.541 hp 5 km 11,860 – 12,828 lengde 968 meter.
- Fv 541 ved Brubakken, Ft.541 hp 10 km 1,291 – 1, 991 lengde 700 meter.

- Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen, Ft.542 hp 2 km 4,358 – hp 3 km 1,778 lengde 7703 meter, Fv.541 hp 8 km 2,760 – 3,496 lengde 736 meter, Fv.542 hp 55 km 0 – 0,237 lengde 237 meter og Fv.542 hp 56 km 0 – 0,053 lengde 53 meter.
- Fv.14 Stavland Bjødledalen, Ft.14 hp 1 km 1,317 – km 1,960 lengde 643 meter.
- Fv.18 Goddo, Ft.18 hp 2 km 0,000 – 0,787 lengde 787 meter.
- Fv.19 Rolfsvegen, Fv.19 hp 3 km 6,856 – 6,894 lengde 38 meter.

Før endleg vedtak trer i kraft og vegstrekningane ovanfor vert overlevert til Bømlo kommune skal vegen setjast i den stand som følgjer av veglova §7 fjerde ledd og i samsvar med synfaring gjennomført 24. mars 2017 og 19. og 21. september 2017 med representantar frå Bømlo kommune og Statens vegvesen.

Følgjande strekningar vert nedlagt som offentleg veg:

- Fv.541 Langevåg – Løvegapet, Fg.541 hp 205 km 2,795 – 3,817 lengde 1022 og Fg.541 hp 5 km 3,820 – 4,201 lengde 381 – totalt 1403 meter vert nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.541 Løvegapet – Tjong (Vika), Fv.541 hp 5 km 4,704 – 5,328 lengde 624 meter vert nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.541 Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle), Ft.541 hp 5 km 7,473 – 8650, lengde 1177 meter og ft.541 hp 5 km 11,202 – 11,860 lengde 658 meter og ft.541 hp 5 km 9,907 – 10,399 lengde 492 meter – totalt 2327 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.14 Stavland Bjødledalen, Ft.14 hp 1 km 1,000 – km 1,279 lengde 279 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg.

Nasjonal sykkelrute nr. 1 – Kystruta og EuroVelo sykkelrute nr 12. – Nordsjøløypa vil som følge av at vegane ovanfor blir nedlagt som offentlig veg følgje ny vegtrasé ved omklassifisering av fv.541-Bømlavegen.

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.08.2018

Per Lerøy, A, sette frem slikt forslag:

«Endring:

Stokkabekken-Siggjarvåg, Fv 542. Utval for miljø og samferdsel ber om at fylkeskommunen og Bømlo kommune gjennomfører nye drøftingar om denne strekninga framleis skal vera fylkeskommunal.»

Geir Angeltveit, V, sette frem slikt forslag:

«Tillegg:

FV. 542 Stokkabekken – Siggjarvåg, gamal trasse på 7.7 km vert ikkje omklassifisert til kommunal veg.»

Geir Angeltveit, V, trakk forslaget sitt.

Gustav Bahus, Frp, sette frem slikt forslag:

«Tillegg:

FV. 542 Stokkabekken – Siggjarvåg, gamal trasse på 7.7 km vert ikkje omklassifisert til kommunal veg.

Nytt punkt

Finansiering av utbetring av vegar som vert omklassifisert vert finansiert av fylkeskommunen sitt budsjett for drift og vedlikehald.»

Jon Askeland, Sp, sette frem slikt forslag:

«Saka vert utsett. Utval for miljø og samferdsel ber om skriftleg og munnleg orientering i neste møte.»

Røysting (til utsettjing)

Askeland sitt forslag fekk 13 røyster (Sp, A, KrF, V, MDG, H, SV) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Saka vert utsett. Utval for miljø og samferdsel ber om skriftleg og munnleg orientering i neste møte.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018

Gustav Bahus, Frp, sette fram slikt forslag:

«Endring:

Stryk «Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen, Ft.542 hp 2 km 4,358 – hp 3 km 1,778 lengde 7703 meter,»»

Røysting

Det var 14 representantar til stades under røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag fram til strekpunkt Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag strekpunkt Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen fekk 10 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (Frp, V og 1 H) for Bahus sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag etter strekpunkt Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Følgjande strekningar vert omklassifisert til kommunal veg:

- Fv.541 Løvegapet – Tjong (Vika), Fv.541 hp 5 km 5,382 – 6,014 lengde 632 meter.
- Fv.541 Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle), Ft.541 hp 5 km 8,650 – 9,907 lengde 1257 meter og ft.541 hp 5 km 11,860 – 12,828 lengde 968 meter.
- Fv 541 ved Brubakken, Ft.541 hp 10 km 1,291 – 1, 991 lengde 700 meter.
- Fv.542 Stokkabekken – Siggjarvågen, Ft.542 hp 2 km 4,358 – hp 3 km 1,778 lengde 7703 meter, Fv.541 hp 8 km 2,760 – 3,496 lengde 736 meter, Fv.542 hp 55 km 0 – 0,237 lengde 237 meter og Fv.542 hp 56 km 0 – 0,053 lengde 53 meter.
- Fv.14 Stavland Bjødledalen, Ft.14 hp 1 km 1,317 – km 1,960 lengde 643 meter.
- Fv.18 Goddo, Ft.18 hp 2 km 0,000 – 0,787 lengde 787 meter.
- Fv.19 Rolfsvegen, Fv.19 hp 3 km 6,856 – 6,894 lengde 38 meter.

Før endeleg vedtak trer i kraft og vegstrekningane ovanfor vert overlevert til Bømlo kommune skal vegen setjast i den stand som følger av veglova §7 fjerde ledd og i samsvar med synfaring gjennomført 24. mars 2017 og 19. og 21. september 2017 med representantar frå Bømlo kommune og Statens vegvesen.

Følgjande strekningar vert nedlagt som offentleg veg:

- Fv.541 Langevåg – Løvegapet, Fg.541 hp 205 km 2,795 – 3,817 lengde 1022 og Fg.541 hp 5 km 3,820 – 4,201 lengde 381 – totalt 1403 meter vert nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.541 Løvegapet – Tjong (Vika), Fv.541 hp 5 km 4,704 – 5,328 lengde 624 meter vert nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.541 Tjong – Hestaneset (Holme og Grutle), Ft.541 hp 5 km 7,473 – 8650, lengde 1177 meter og ft.541 hp 5 km 11,202 – 11,860 lengde 658 meter og ft.541 hp 5 km 9,907 – 10,399 lengde

- 492 meter – totalt 2327 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg. Hordaland fylkeskommune vil framleis vere grunneigar.
- Fv.14 Stavland Bjødledalen, Ft.14 hp 1 km 1,000 – km 1,279 lengde 279 meter blir nedlagt som offentlig veg og lagt ut som privat veg.

Nasjonal sykkelrute nr. 1 – Kystruta og EuroVelo sykkelrute nr 12. – Nordsjøløypa vil som følgje av at vegane ovanfor blir nedlagt som offentlig veg følgje ny vegtrasé ved omklassifisering av fv.541-Bømlavegen.

PS 101/18 Omklassifisering av offentlege vgar i Bergen kommune

Forslag til innstilling

1. Følgjande vgar vert omklassifisert til fylkesveg
 - a. Håkonsgaten, frå Nøstegaten til Baneveien, og frå Baneveien til Teatergaten.
 - b. Chr. Michelsensgate, frå Markeveien til Jon Smørsgate.
 - c. Vincens Lunges gate/Østre Strømkaien.
 - d. Fabrikkgaten, frå Kanalveien til Inndalsveien.
 - e. Bjørnsons gate, frå Inndalsveien til St. Olavs vei, og St. Olavs vei frå Bjørnsons gate til Ibsens gate.
 - f. Edvard Griegsvei, fra Fjøsangerveien til Bjørnsons gate.
2. Følgjande vgar vert omklassifisert til kommunal veg
 - a. Fv.180 Søråshøgda.
 - b. Fv.193 Brøstanesveien, vegarm Kjøkkelvikveien
 - c. Fv.194 Brønndalen, vegarm Olsvikskjenet
 - d. Fv.194 Olsvikveien, vegarm Olsvikskjenet
 - e. Fv.235 Gullfjellsvegen.
 - f. Ft.555 Jonsvollsgaten – Nøstegaten, til kryss med fv. 555 Komediebakken.
3. Dei omklassifiserte vegane skal ha ein tilfredsstillande standard før formell ansvarsoverføring skjer.
4. Kostnadene ved omklassifiseringane vert innarbeidd i fylkesvegbudsjetten for 2019.

Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 05.09.2018

Røysting

Det var 14 representantar til stades under røystinga.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Følgjande vgar vert omklassifisert til fylkesveg
 - a. Håkonsgaten, frå Nøstegaten til Baneveien, og frå Baneveien til Teatergaten.
 - b. Chr. Michelsensgate, frå Markeveien til Jon Smørsgate.
 - c. Vincens Lunges gate/Østre Strømkaien.
 - d. Fabrikkgaten, frå Kanalveien til Inndalsveien.
 - e. Bjørnsons gate, frå Inndalsveien til St. Olavs vei, og St. Olavs vei frå Bjørnsons gate til Ibsens gate.
 - f. Edvard Griegsvei, fra Fjøsangerveien til Bjørnsons gate.
2. Følgjande vgar vert omklassifisert til kommunal veg
 - a. Fv.180 Søråshøgda.
 - b. Fv.193 Brøstanesveien, vegarm Kjøkkelvikveien
 - c. Fv.194 Brønndalen, vegarm Olsvikskjenet
 - d. Fv.194 Olsvikveien, vegarm Olsvikskjenet
 - e. Fv.235 Gullfjellsvegen.

- f. Ft.555 Jonsvollsgaten – Nøstegaten, til kryss med fv. 555 Komediebakken.
- 3. Dei omklassifiserte vegane skal ha ein tilfredsstillande standard før formell ansvarsoverføring skjer.
- 4. Kostnadene ved omklassifiseringane vert innarbeidd i fylkesvegbudsjetten for 2019.